



## Oppsummering av arbeidet i kontrollutvalet – Meland kommune – perioden 2011 - 2015

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i valperioden 2011 – 2015. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

### Faste medlemmer:

- Marie Morken (leiar)
- Øystein Blom (nestleiar)
- Asbjørn Larsen
- Jarle Vikebø
- Beate Eknes

### Varamedlemmer:

- Kåre Skjelanger – vara for Morken
- Olav Oterholm – vara for Blom
- Anne Marie Skurtveit – vara for Larsen
- Helge Nygård – vara for Vikebø
- Henriette Fennelly – vara for Eknes

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret. Kontrollutvalet rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet kan i praksis sjå på alle saker og område i kommunen som kan definerast som kontroll eller tilsyn. I den varsla Stortingsmeldinga om forholdet mellom stat og kommune seier kommunalministeren mellom anna følgjande i eit innlegg på kommunedagane i Oslo mai 2011;

*”Samanhengen mellom kommunal eigenkontroll og statleg tilsyn må bli betre. Regjeringa legg til grunn at ein aktiv og systematisk forvaltningsrevisjon og administrativ internkontroll i kommunane bør kunne redusere behovet for statleg tilsyn og kontroll.*


*Ei statleg styring som byggjer på at kommunane har ansvar for å kontrollere eiga verksemd, gjev høgast effektivitet og det beste grunnlaget for eit levande lokal-demokrati og lokalt tilpassa oppgaveløysing.”*

Kontrollutvalet sitt arbeid er difor viktig for å styrke det lokale sjølvstyre, bidra til at midlane i kommunen vert nytta på ein effektiv måte og vere med å bygge opp under innbyggjarane sin tillit til den kommunale forvaltninga. Det er i dette perspektivet kontrollutvalet har utført sitt arbeid i denne perioden. Frå og med 01.07.13 er kontrollutvalet sine møter opne på lik linje med andre politiske møter.

### **Forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalet starta sitt arbeid med å få laget ein plan for forvaltningsrevisjon. Denne planen vart også vedteke av kommunestyret. I den vedtekne planen var der satt opp følgjande tema/prosjekt for forvaltningsrevisjon:

- Investeringsprosjekt – organisering, ansvar, prosjektstyring, kalkulering og budsjettering
- Vedtaksutforming – saksutgreiing – stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?



- Barnehageområdet – korleis forvaltar og driftar kommunen dette tenesteområdet?
- Økonomistyring og kvalitet på KOSTRA rapporteringa

Kommunestyret gav kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

Kontrollutvalet har i denne perioden sett på investeringsrekneskapet for VA prosjektet Fløksand – Vikebø. Kontrollutvalet vedtok å bestille ein rapport av revisjonen om dette på grunn av store overskridingar i prosjektet. Rapporten vart framlagt i 2014 og viste at der var behov for å gjere endringar som kunne styrke styringa av investeringsprosjekt.

Kontrollutvalet har også i perioden fått presentert selskapskontroll av MAKS AS, etter bestilling frå kommunestyret i 2014. Selskapskontrollen vart presentert i siste møte i valperioden, 16.10.15, og undersøkte systema for å ivareta kommunen sine eigarinteresser og økonomien sett frå eit eigarperspektiv.

Slike prosjekt setter fokus på ulike tema som er viktig for kommunen. Prosjekta har peika på forbettringspotensiale hos kommunen. Det er viktig at administrasjon føl opp dei tilrådingane som revisjon kjem med i sine rapportar.

Kontrollutvalet har også følgt opp tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt for å sikre at dei tilrådingane som kommunestyret har slutta seg til vert følgt opp. Kontrollutvalet har følgt opp forvaltningsrevisjonsrapporten «Vedlikehald av kommunale bygg» og administrasjonen gav ein status for korleis tilrådingane i rapporten var følgt opp.

### **Kommunen sin økonomi og rekneskap i perioden 2011 - 2014**

Kontrollutvalet er svært opptatt av at kommunen må ha ein god økonomistyring for å få til ein berekraftig økonomi. Budsjetta som vert vedteke må vere realistiske og aktiviteten kan ikkje vere større enn det som budsjettet gir grunnlag for.

Etter fleire år med negativ økonomi, har kommunen sitt rekneskap styrka seg betrakteleg i 2013 og 2014, men netto driftsresultat er samanlikna med 2013 4,8 mill. kr lågare i 2014. Det er også grunn til å merke seg at ein har motteke eit ekstraordinært utbytte frå Meland Utbyggingsselskap AS på 7 mill. kr i 2014, som utgjør 50% av netto driftsresultat.

Netto langsiktig lånegjeld (lånegjeld minus utlån) er 373 mill. kr og utgjør 76% av driftsinntektene i 2014, men kommunen er noko mindre sårbar for auke i rentenivået enn tidlegare år. Likviditeten har vore svak, men betra seg i 2014.

Kommunen sin økonomi er forbetra dei siste åra, men det er grunn til å merke seg den store auken i driftsutgiftene. Kontrollutvalet ser det som svært viktig at det er samsvar mellom utviklinga i driftsinntektene og driftsutgiftene, det er det som sikrar kommunen ein sunn økonomi.

### **Andre saker som kontrollutvalet har sett på**

Andre saker som kontrollutvalet har sett på:

- Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengighet



- Kommunekompasset
- Revisjonsrapport nr. 9 – 16.11.12 – Interne rutinar for fakturering av pleietenester
- Kommunen sin praktisering av registrering av motteke dokument på postlista og offentleggjering av dokument
- Kommunen sin kvalitetssikring av prognoser for tal barnehagebarn og elevar
- Orientering og omvising hos MAKS AS – Meland arbeids- og kompetansesenter
- Orientering om kommunen sin deltaking i kvalitetskommuneprosjektet
- Orientering om kommunen sin økonomi
- Sak om garasje på Vikebø i Meland kommune
- Orientering om kommunale planar og tidsfristar for å komme med innspel og korleis det vert praktisert
- Orientering om samhandlingsreforma – helse
- Orientering om den administrative organiseringa i kommunen

Ein kommune er avhengig av at innbyggjarane har tillit til at ressursane i kommunen vert nytta på ein best mogeleg måte. Det er difor viktig at kommunen har eit aktivt tilsyns- og kontrollorgan, som kan følgje opp kommunestyret sine vedtak og forutsetningar, slik det kjem fram i kommuneloven § 77 punkt 4. For at kontrollutvalet skal kunne gjere den jobben er det viktig at kommunestyret løyver nok midlar til formålet.

Frekhaug 16. oktober 2015

  
Marie Morken  
Leiar

